

Sivert Kjærland til minne

No hjelpte det ikkje lenger at han var seig. No måtte han fara sin veg den og, berre nokre fåe år førre enn andre.

Med Sivert Kjærland har Kvinnherad mist eit stort og sermerkt menneske. Alle kjende han en tida han var flakkesør — det var han lenger enn folk flest — og sjølv kjende han neske. Alle kjende han den tida han fordi han hadde greie på ætteratene deira mannsaldrar attende. Han var eit stykke levande bygdesoge. Har ikkje sambygdingane hans gjort seg nyte av denne rike kjelda medan det var høve til det, så har dei forsøkt seg storleg.

Sivert Kjærland ruva ikkje berre i si eiga bygd. Han var kjend og vørd i heile Hordaland og vidare med, fyrst og fremst for det store arbeidet sitt for småbrukar-rårsla og for den radikale linja i venstrepolitikken. At hordalandsbondene ikkje sende han til ting for seg, det var verst for dei sjølve. Han hadde ruva godt i stortings-salen og, Sivert Kjærland.

Vaken var han og evner åtte han i rik mon. Hadde skulevegen lige like vidopen då som no, så hadde Sivert kanskje hamna i eit domarsæte eller i eit professorat for ættegransking. Om han hadde greidd å slita seg laus frå garden, ja. Men det hadde nok falle hardt, så ættbunden som han var. Gjerne var det best at det gjekk som det gjekk; at han vart bonden med det vide utsynet over dalen sin og over allheimen, attom dalen. Bon-

den med alle dører like vidopne for farande folk som for ånd.

Truskapen hans mot ætt og odel og nedervyd folkesed var han i blodet boren, og det fanga hugen hans unge år, det sveik han aldri seinare. Reinspika, norskdomsmann og radical i politikk og livs-syn var han all sin dag. Heller ikkje slo han handa av dei litterære klassikarane sine, Ibsen, Garborg og Vinje, dei kunne han på fingrane og brukte dei som krydd i samtalen. Og fyrst og fremst var han eine venns ven, tru som gull mot dei og.

Bygda ligg fatigare att etter han. Han var hovdingen i dalen — og såleis vil han bli hugsa.

Ragnvald Vaage.

Hordaland

Sivert Kjærland

død



Ein kjend og vyrd sunnhordlending, bonde Sivert Kjærland, Uskedalen, døydde sundag vel 96 år gammal. Siste åra hadde han vore sjukleg, men han var åndsfriisk like til det siste, og det er litt av ein åndsmann som er gått bort med han. Hellt fra han var ung, var han sterkt interessert i litteratur, og han fylgde alltid godt med i det som gjekk for seg i ånds- og kulturliv, både heime og ute. Olav Gullvåg sa ein gong, at han visste ikkje nokon sjølvlærd som kjende sine klassikarar så godt som Kjærland.

Interessa hans for bokheim og opplysningsarbeid, førde til at han var med og skipa Uskedalen Ungdomslag i 1888, og som den tiltiske og evnerike ungdomen han var, kom han også snart med i heradstyret og formannskap i Kvinnherad. Fram gjennom åra var han med og arbeidde fram mange store saker i bygda, m.a. gjekk han sterkt inn for å få reist kyrkje i Uskedalen.

Også på mange andre område tok han sin tørn. I fleire år var han formann i Hordaland Bonde og Småbrukarlag, styremedlem og varaformann i Hordaland Landbrukselskap, i tilsynsnemnda for Valen sjukehus, i styret for Sunnhordland småbrukarskule osv. Som hestekar var han vide kjend, og han var i lang tid formann i Kvinnherad hestealslag. Kjærland var og mykje nytta som skjøns- og takstmann og han var med på fleire store skjøn på Vestlandet.

Sivert Kjærland

til minne

Så glad eg er for eg møtte deg,
og lærde deg Sivert å kjenne.

Ditt lune humør og di lyse tru
vart lys du i meg fekk itenne.

Når tanken min streifer vår poesi
og dei djupaste diktarord,
då set eg med deg oppi stova di,
det er sol, — i mitt sinn det gror.

Stor vart sjeld minste tingendå,
det vart høgtid og sommar og sol.
Eg gledde meg alltid til møtet med deg,
som eit barn som gled seg til jol.

Nå lever eg oppatt i minnet mitt
dei hugnadstunder med deg.
Dei tankar du sådde, den livstru du gav
den fylgje meg støtt på min veg.

Så tak då Sivert for tankar om ting,
røynt i så langt eitliv.

Fred med ditt minne. Eg vitjar di grav
ein dag eg der framom sviv.

Harald Gaard.